

HISTO
RIKAR
VERK
SEM DA



Kulturminnedokumentasjon

Dalstø - Mjåtveitstø gnr./bnr. 18/1, 19/67, 22/254, 22/255
m. fl. i Meland kommune

Innhald

1. Innleiing	3
2. Områdets historie	4
3. Bygningsmiljø	7
Hyttefelt frå Fageråsen til Tjørnane på Sagstad	7
Bustadar sør for Sveåsen på Mjåtveit	10
Innmarka til Mjåtveitstøen med naustrekke og Mjåtveit brygge	14
To isolerte fritidsbustadmiljø langs sjøen	16
4. Andre typar kulturminne	17
5. Foto og kart	19
6. Avslutning	75
7. Litteratur og kjelder	76
8. Vedlegg	76

Mars 2018, oppdatert august 2019

PROSJEKT: Dalstø - Mjåtveitstø gnr./bnr. 18/1, 19/67, 22/254, 22/255 m. fl. i Meland kommune

FORSLAGSSTILLAR: Furefjellet AS i samarbeid med Meland kommune

PLANKONSULENT: Ard arealplan AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

SAKSBEHANDLAR: Ingrid Myrstad, faghistorikar

KONTAKT: ingrid@historikarverksemda.no | +47 986 13 006

1. Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturminnedokumentasjon i samband med utarbeiding av områdeplan for Dalstø - Mjåtveitstø gnr./bnr. 18/1, 19/67, 22/254, 22/255 mfl. i Meland kommune. Rapporten er laga på oppdrag frå Furefjellet AS som i samarbeid med Meland kommune og Ard arealplan AS har sett i gang nyregulering av planområdet.

Planområdet ligg på Mjåtveit og er i kommuneplanen avsett til busetnad med høg utnytting og grønstruktur/LNF med omsynssoner for kulturmiljø/kulturminne og friluftsliv. Målet for reguleringsarbeidet er å leggje til rette for variert busetnad med tilhøyrande infrastruktur og tilkomst både frå Dalstø og Mjåtveit, samt å etablere gards- og friluftsbarnhage og skuleføremål innanfor området. Nordre delen av planområdet langs Fylkesvegen er tatt med for å tilpasse framtidig utbetring av veg og avkøyrse. Innmarka til bruket Mjåtveitstøen blei tatt ut av planområdet etter oppstart av planarbeidet, då det ikkje planleggast nye tiltak der. Garden og sjøbruksmiljøet på Mjåtveitstøen er likevel inkludert i denne kulturminnedokumentasjonen då fleire av kulturminneverdiane innanfor planområdet er ein del det same kulturlandskapet.

Brorparten av tiltaka føreslått i planen er i tråd med overordna plan (kommuneplanen) der det er lagt til rette for at det kan byggast bustadar. Etablering av barnhage og nokre bustadar sør i planområdet er ikkje sett av til utbygging i kommuneplanen sin arealdel og vil få konsekvensar for kulturlandskap og kulturmiljø. Alle bygningmiljøa innanfor planområdet er inkludert i planen.

Denne dokumentasjonen er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, kart, fotografi, samt samtale med lokalkjente og observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Ingrid Myrstad frå Historikarverksemda 25. oktober 2017. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under desse synfaringane, med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.

2. Områdets historie

Planområdet tilhørte frå gammalt av utmarka til dei to gardane Sagstad (gnr. 18 og 19) og Mjåtveit (gnr. 22).

Sagstad ligg som ei smal remse frå sjøen på sørvestspissen av Holsnøy og går mest tvers over øya. Garden er gamal og blei truleg rydda mot slutten av eldre jernalder. Frå middelalderen hørte Sagstad til godset under Lysekloster. I løpet av 1800-talet kjøpte brukarane garden. Den blei tidleg delt i Øvre og Nedre, men blei utskift som ein gard på 1900-talet.

Mjåtveit ligg på sørsida av Mjåtveitelva mellom Frekhaug og Sagstad. Garden var truleg ei utskiljing frå ein eldre gard og namnet kan tyde på at det skjedde i vikingtida. Første gongen Mjåtveit er nemnd i kjeldene er i Bergens kalvskinn frå 1350. Då hørte garden til jordegodset til prestebordet ved Alversund kyrkje. I 1769 kjøpte dei tre oppsitjarane bruka på garden.

Fram til 1800-talet var planområdet dominert av tradisjonelle utmarksaktivitetar. Det fanst lite skog, i alle fall på Mjåtveit, og fram til elektrisiteten kom i 1950-åra var bøndene avhengige av torv til brensel. Mykje av torva henta dei i myrene innanfor planområdet, og tørka den på vollar og i torvhus der. Særleg var det god torv i Klettemyra (Klettane) der dei fann store trestammar. I tillegg blei utmarka nytta som beite til buskapen, og dei henta leire og hausta brake og lyng. Tidlegare dreiv brukarane på Mjåtveit mykje med lyngsviing for å få ny, frisk lyng som dei kunne slå i vårknipa. Dei selde og ein del lyngsekkar.

Innanfor planområdet ligg også sjøbruksmiljøet som hørte til Mjåtveit. Inst i vika mellom Svinsvågneset og Toneset – i Mjåtveitstø – låg naustgrunnen til Mjåtveit-bøndene. Det var ikkje noko spesielt god hamn, men dei hadde ikkje så mange andre lendingsplassar å velja i på garden. Det var avgjerande for Mjåtveit-folket å ha tilgang til sjøen for å frakta salsvarer frå garden og kjøpevarer heim att. Fisket betydde ikkje så mykje for bøndene på Mjåtveit, dei fleste fiska litt til husbruk.

Utmarka var teigblanda og felleseige fram til 1889 på Mjåtveit og 1907 på Sagstad. Utskiftinga på Sagstad var av dei mest kompliserte på heile Meland, og det enda med at dei fleste bruka fekk utmarka utlagt i to teigar for å sikre ei rimeleg fordeling av dyrkingsmarka. På Mjåtveit blei utmarka for fleire av bruka lagt i lange strimler slik at alle brukarane skulle få utmark i samband med innmarka. Etter utskiftinga på dei to gardane blei den nordlege delen av planområdet hovudsakleg lagt inn under bruk 1 på Nedre Sagstad, bruk 1 og 2 på Øvre Sagstad og bruk 1 og 3 på Mjåtveit. Brorparten av planområdet består imidlertid av området

som blei lagt til dei to husmannsplassane Dalstø og Mjåtveitstø. Plassane ligg der gardane rekk til Herdlefjorden. Begge blei truleg busett tidleg på 1800-talet og blei matrikulert som eige bruk i løpet av hundreåret.

Plassen Dalstø blei busett kring 1801 og første brukaren fekk festesetel på plassen i 1805. Dalstø var den einaste husmannsplassen under Sagstad-gardane. Det låg under begge gardane på grunn av plasseringa i den då felles utmarka. Husmannstida på Dalstø tok imidlertid tidleg slutt. Plassen blei utskilt frå dei andre bruka på Øvre og Nedre Sagstad i 1855 og selt til brukaren. Seljarane fekk framleis rett til å ta leire på staden og naustrett mot grunnleige. I byrjinga fekk den nye brukaren rett til den felles utmarka, men i 1877 bad brukaren om at Dalstø si utmark blei utskift frå fellesskapet. Det enda i forlik der utmarka til Dalstø blei fastlagt og skilt ut frå Sagstad-gardane. Bruket blei ved utskiftinga av Sagstad-gardane i 1907 lagt under Nedre Sagstad som bruk 5.

Mjåtveitsø var ein av tre husmannsplassar under Mjåtveit. Plassen blei tatt opp i 1838, og kring 1840 blei det sett opp ei lemstove av tømmer, oppført på gråstein og tekt med never og torv. Plasseringa av den nye husmannsplassen var sentral, rett ovanfor støa gardbrukarane på Mjåtveit nytta som tilkomststad til sjøen.

I 1851 eigde husmannen på Mjåtveitstø sju sauer og to kyr, i tillegg til ei mortsnott, ein færingsskute og fiskesnøre. I andre halvdel av 1800-talet blei innmarka på Mjåtveitstø rydda og det blei bygd steingard ikring. På den tida, frå 1853 til 1891, var det ekteparet Marta Olsdotter og Johannes Olsson som dreiv Mjåtveitstø. Dei dreiv også mykje med krøtterhandel og som slaktarar og selde kjøt i Bergen. I 1884 fekk dei garden matrikulert som eige bruk med bruksnummer 2 og namnet Mjåtveitstøen, og fem år seinare – då Mjåtveit blei utskift – fekk bruket tildelt utmark kring innmarka og utgjorde dermed heile det sørvestre hjørnet av garden. Dei andre brukarane på Mjåtveit behaldt naustretten i støa etter utskiftinga, og leirtaket dei hadde hatt like ovanfor innmarka til Mjåtveitstøen skulle framleis vera felles.

Utviklinga av gardsbruket på Mjåtveitstøen haldt fram med neste generasjon brukarar. Dei dreiv garden frå 1891 til 1917 og i deira tid blei det blant anna sett opp steingard langs heile utmarksgrensa. I perioden 1917–1931 var drifta på garden prega av stadig eigarskifte – i alt fem ulike brukarar er registrert i perioden. Dette endra seg imidlertid i 1931 då ekteparet Konrad Mikal Karlsson Sunnevåg og Mikalina Josefina Olsdotter Vikane frå Austrheim busette seg på Mjåtveitstøen. Dei dreiv garden fram til 1965 då sonen Ogmund tok over. I deira tid blei tunet fornya og det blei sett opp nytt våningshus og ei stor løe. Ogmund var snikkar i tillegg til gardbrukar og dreiv garden fram til den blei selt i 2016. Kystgarden var då så velhalde at den kan karakteriserast som eit sjeldan intakt kulturmiljø. Eigaren fekk tildelt Kongens Fortjenstmedalje for arbeidet med garden i 2007.

Mjåtveitstø hadde frå gammalt av vore eit slags knutepunkt for folket på Mjåtveit, i og med at det var der dei hadde tilgang til sjøen. Men lenge måtte folket gå til Frekhaug for å ta dampbåten til byen. Dette endra seg i 1931–1932 då brukarane på garden gjekk saman om å få bygd kai ved støa. Det blei skilt ut ei tomt frå bruk 2 og bygd veg og brygge – eit dampskipstopp med ein liten servicebygning. Bjørkum sitt rutelag tok Mjåtveitstø inn på ruteplanen sin. Dermed fekk bøndene på garden ein mykje lettare byveg enn tidlegare og Mjåtveitstø blei igjen eit knutepunkt på garden. Det var også brevhus på Mjåtveitstø frå 1951 til 1963, som eigaren av Mjåtveitstøen hadde hand om.

Fram til 1920-åra var det ikkje mykje folk busett innanfor planområdet. Forutan brukarane på Mjåtveitstøen var det folketomt. Frå 1920-åra begynte imidlertid ei utparsellering av to av utmarksteigane nord i planområdet som førte til utbygging i området. Dette gjaldt utmarksteigen til bruk 1 under Øvre Sagstad og til bruk 3 under Mjåtveit. Med unntak av småbruket Lynghaug blei det stort sett reist fritidsbustadar på tomtene, og Sagstad-feltet er i dag framleis dominert av fritidsbygg. Området som blei utbygd på Mjåtveit frå 1930-åra av er i dag dominert av eine- og tomannsbustadar, men framleis er ei handfull av husa registrerte som fritidsbustadar.

I 2016 blei Mjåtveitstøen selt til Drømmehagen barnehage og husar i dag aktivitetsavdelinga i barnehagen, og den gamle utmarka blir nytta som turområde.

3. Bygningsmiljø

Innanfor og like ved planområdet kan ein identifisere fire ulike bygningsmiljø.

Hyttefelt frå Fageråsen til Tjørnane på Sagstad

I området frå Fageråsen til Tjørnane nordvest i planområdet – tett opp til Mjåtveit næringspark – ligg eit felt med 12 fritidsbustadar med tilhøyrande garasjar og uthus. Med berre nokre få unntak blei alle reist i 1940-, 1950- og 1960-åra. Utbygginga var hovudsakleg eit resultat av sal og ei gradvis utparsellering av utmarksteigen til bruk 2 på Øvre Sagstad – sjå figur 2–4. Utparselleringa på staden begynte i 1920-åra og to av fritidsbustadane som står der i dag blei truleg sett opp på den tida (sjå Porshaugen og Dalstøvegen 48). I tillegg til fritidseigedommane ligg det ein einebustad med sokkelleilegheit i området som og høyrer til bygningsmiljøet (sjå Bakken). Fleire av husa i dette området har behalde det opphavlege uttrykket. Brorparten er representantar for dei funksjonalistiske ideala som prega bustadarkitekturen i samtida. Ein del av bygningsmassen ber preg av manglande vedlikehald og forfall. Sjø skildring av enkeltobjekt under og fotodokumentasjon for detaljar.

19/11 – PORSHAUG – Dalstøvegen 44

Eigedommen Porshaug blei skilt ut frå bruk 1 på Nedre Sagstad i 1920. Fritidsbustaden som i dag står på tomta blei truleg reist kort tid etter. Det er eit murhus i halvannan etasje med saltak, gavlar av tre, eit større arktilbygg mot aust og ein mindre ark i taket mot vest. Hytta framstår truleg slik den var opphavleg, og er eit tidleg eksempel på påverknad frå funksjonalistiske ideal i fritidsbustadsarkitekturen. Sjø blant anna samanstillinga av vindauga, med både to- og trefags vindauge utan sprosser. I tillegg til hytta står det eit uthus i tømmer på eigedommen med uklår datering. Tomta består elles av eit hageanlegg. Sjø figur 5–7 for detaljar.

18/18 – STEMMEHAUGEN – Dalstøvegen 50

Eigedommen Stemmehaugen blei skilt ut frå bruk 2 på Øvre Sagstad i 1924, men tomta som i dag utgjer bnr. 18 blei ikkje bebygd før i slutten av 1960-åra. (Sjø Dalstøvegen 48 for huset som blei sett opp på staden då eigedommen blei utskilt.) På ortofoto tatt i 1966 kan ein sjå at huset som i dag står på tomta er under oppføring. Bustadhuset er i dag registrert som eit fritidsbygg, men blei utforma som ein tidstypisk einebustad. Huset er eit trehus i to etasjar på kjellar av mur, og uttrykket er prega av eit bratt saltak og ein kombinasjon av ståande og liggande kledning som dekorelement i fasadane. Tomta huser elles eit hageanlegg og innkørsel. Sjø figur 8–10.

18/23 – FAGERÅS – Dalstøvegen 56

Eigedommen Fagerås blei skilt ut frå bruk 2 på garden Øvre Sagstad i 1943. Kort tid etter blei det sett opp ein mindre fritidsbustad og ein garasje på tomta, begge synlege på ortofoto frå 1966. Fritidsbustaden er eit trehus i en etasje og har i nyare tid blitt kraftig utvida mot vest. Tomta er elles prega av innkøyrse og eit større hageanlegg. Sjå figur 16–18 for detaljar.

18/25 – SOLBAKKEN – Dalstøvegen 60

Eigedommen Solbakken blei skilt ut frå bnr. 23 i 1945. Kort tid etter blei det sett opp ein fritidsbustad på tomta som framleis står der i dag. Huset er eit murhus på ein etasje og kjellar med heilvalma tak, kubisk bygningskropp og tidstypiske funksjonalistiske to- og trefagsvindauge. Bygget ber preg av slitasje og er under oppussing. Sjå figur 19–20 for detaljar.

18/29 – FRIDAL – Dalstøvegen 64

Eigedommen Fridal blei skilt ut frå bnr. 25 i 1949. Kort tid etter blei det sett opp ein fritidsbustad og eit uthus på tomta, begge synlege på ortofoto frå 1966. Huset er eit lite trehus i ein etasje med saltak med lav takvinkel, kledd med eternit- og metallplater. Tomta er elles prega av eit velhalde hageanlegg. Sjå figur 21 for detaljar.

18/30 – BAKKEN – Dalstøvegen 68

Eigedommen Bakken blei skilt frå bruk 1 på garden Øvre Sagstad i 1950, men byggerarbeid på tomta kom først i gong etter 1966. Ortofoto tatt i 1966 viser at det sto ein gamal grunnmur på eigedommen, og at bustadhuset som i dag står på eigedommen blei reist over den gamle tufta. Det er ikkje teikna inn nokon bygning på staden i utskiftingskartet frå 1906, men plasseringa ved myra kan tyde på at det var eit gammalt torvhus. Bustadhuset som står på tomta i dag er ein einebustad med sokkelleilegheit og garasje, truleg eit tilpassa typehus med tilbygg mot vest. I 2012 blei det sett opp eit fritidsbygg i tilknytning til eigedommen på ein teig rett aust for tomta (gnr. 18, bnr. 87). Sjå figur 33–34.

18/42 – SEDALSLID – Dalstøvegen 58

Eigedommen Sedalslid blei skilt ut frå bnr. 25 i 1955. Kort tid etter blei det sett opp ein mindre fritidsbustad på eigedommen. Hytta er synleg på ortofoto frå 1966. Bygget er eit mindre trehus i ein etasje med saltak med lav takvinkel, bislag mot vest og er svært typisk for hytte-arkitekturen i samtida. I første halvdel av 2000-åra blei det reist eit nytt bygg vest på tomta, også det ei mindre hytte i tre, men i to etasjar og med saltak med bratt takvinkel. Sjå figur 22–25.

18/45 – DALSHAUG – Dalstøvegen 66

Eigedommen Dalshaug blei skilt ut frå bnr. 25 i 1957 og ligg heilt opp til grensa til Mjåtveit. Kort tid etter blei det bygd ein fritidsbustad med uthus/veslehus på tomta. Hytta er eit trehus i ein etasje på lav mur, med lav takvinkel og ein større ark med bislag mot vest. På eit tidspunkt har det blitt reist eit anneks på vestsida. Bygningane ber i dag preg av manglande vedlikehald. Sjå figur 26–28 for detaljar.

18/47 – LYNGTOPP

Eigedommen Lyngtopp blei skilt ut frå bnr. 25 i 1958 og kort tid etter blei det reist ein mindre fritidsbustad på eigedommen. Bygget er synleg på ortofoto frå 1966. Alt som er står etter bygningen i dag er ei pipe og ei tuft. Sjå figur 29–30 for detaljar.

18/48 – FREDENBORG – Dalstøvegen 62

Eigedommen Fredenborg blei skilt ut frå bnr. 25 i 1958 og kort tid etter blei det reist ein fritidsbustad med uthus på eigedommen – eit trehus i ein etasje med saltak. Begge bygg er synleg på ortofoto frå 1966. I dag er bygningen rast saman. Sjå figur 62–32. for detaljar.

18/72 – Dalstøvegen 52

Tomta som husar Dalstøvegen 52 blei først utskilt frå bnr. 18 i 1996, men hytta som står på tomta blei truleg reist i løpet av 1940- eller 1950-åra. Bygget er synleg på ortofoto frå 1966. Hytta er eit trehus i ein etasje på mur med kjellar, saltak, balkong mot vest og eit større tilbygg mot nord som kom til etter 1966. Fasaden mot vest er dominert av tidstypiske tofagsvindaug. Grunnen hytta står på er flata ut ved hjelp av ein natursteinsmur, gjerda inn med eit lågt metallgjerde og ei støypt trapp leder opp til inngangen. Bygningen er i dag sterkt prega av forfall og manglande vedlikehald. Sjå figur 8 og 11.

18/73 – Dalstøvegen 54

Tomta som i dag husar fritidsbustaden i Dalstøvegen 54 blei skilt ut frå bnr. 18 i 1996. Fritidsbustaden blei bygd i perioden 2000–2006, og er eit trehus i to etasjar med saltak og ark i taket mot sør. Samstundes blei det anlagt tilkomstveg til eigedommen. Garasjen aust for huset blei sett opp etter 2015. Ortofoto frå 1966 viser at det ikkje sto nokre bygg på tomta då, men i 2000 sto det ein mindre bygning på staden. Truleg ein fritidsbustad eller eit uthus. Det blei rive og erstatta av noverande fritidsbustad i perioden 2000–2006. Sjå figur 8, 12–13.

18/74 – Dalstøvegen 48

Tomta som i dag husar fritidsbustaden Dalstøvegen 48 blei skilt ut frå bnr. 18 i 1996. Bustaden med uthus er dei eldste bygningane på det som var eigedommen Stemmehaugen (bnr. 18). Eigedommen blei skilt ut i 1924 og fritidsbustaden blei truleg bygd kort tid etter

det. Huset med uthus er synleg på ortofoto frå 1966. Bustaden er eit toetasjes trehus på mur med skiferkledt saltak, ark i takflatene både mot sør og nord, bislag mot nord og terrasse mot vest. Arken mot sør kom til etter 1966, dei fleste vindauga er skifta ut i nyare tid, så og med den liggande kledningen. Tomta husar elles eit større hageanlegg. Sjå figur 8, 12, 14–15.

Bustadar sør for Sveåsen på Mjåtveit

Nord aust i planområdet – sør for Sveåsen og aust for Klettane (Klettemyra) – ligg det i dag 12 bustadar, 6 fritidsbustadar og eitt småbruk. Alle eigedommane blei skilt ut og bebygd i perioden 1922–2015. Utbygginga var hovudsakleg eit resultat av sal og gradvis utparsellering av utmarksteigen til bruk 3 på Mjåtveit (sjå figur 1 og 35–36). Utparselleringa begynte i 1920-åra. I først omgang blei det sett i gong hyttebygging i området, i tillegg blei småbruket Lynghaug skilt ut. Den gradvis utbygginga av vegnettet i løpet av 1900-talet førte til at trafikken gradvis gjekk over frå sjø til land på Holsnøy, og fleire av hyttene blei omgjort til heilårsbustadar. Dei siste åra har det blitt bygd fleire nye bustadar innanfor området – blant anna to vertikaldelte tomannsbustadar. Forutan bustadhus- og hytter, garasjar og uthus av svært blanda karakter ber området preg av hageanlegg og tilkomstvegar. Sjå skildring av enkeltobjekt under og fotodokumentasjon for detaljar.

22/13 – SOLBAKKEN – Mjåtveitstø 24

Eigedommen Solbakken blei skilt ut frå bruk 3 i 1922. I tiåra etter blei det reist ein fritidsbustad på tomta. Bygget med hageanlegg er synleg på ortofoto frå 1966. Hytta er eit trehus på ein etasje oppført på mur og med saltak, kledt med liggande kledning og med balkong mot sør. Etter 1966 kom det til eit lite uthus nord for hytta, og mellom 2008–2011 blei det laga innkøyrse og parkeringsplass på tomta. Synste delen av eigedommen består av myr. Sjå figur 37 og 41.

22/16 – LYNNGHAUG – Mjåtveitstø 13

Småbruket Lynghaug blei skilt ut frå bruk 3 i 1930 og husar i dag eit våningshus og ein låve. Våningshuset blei bygd i 1931 og driftsbygget i 1933. Våningshuset er eit trehus i to etasjar oppført på mur med kjellar. Det har saltak, ark i takflatene både mot aust og vest i tillegg til eit tilbygg i første etasje mot vest. I nyare tid har huset fått ein stor terrasse mot sør og vest og nye vindauga i hovudetasjane. Vindauga i kjellaretasjen er truleg originale. Driftsbygningen er i tre, oppført på mur og har eit nyare tilbygg mot nord. Forutan desse bygningane består eigedommen av åker, eng, ei rekke natursteinmurar, hageanlegg og tilkomstveg. Sjå figur 38.

22/26 – BERGLY – Mjåtveitstø 35

Eigedommen Bergly blei skilt ut frå bnr. 13 i 1938. Ein mindre fritidsbustad blei reist på tomta kort tid etter og er synleg på ortofoto frå 1966. Fritidsbustaden blei rive og det blei bygd ein einebustad på staden i 2012/2013. Sjå figur 39–40.

22/27 – NYHEIM – Mjåtveitstø 22

Eigedommen Nyheim blei skilt ut frå bruk 3 i 1939 og kort tid etter blei det reist ein mindre bustad på plassen, truleg ei hytte. Hytta med tilbygg mot nord er synleg på ortofoto frå 1966. I perioden 1966–2000 fekk hytta eit stort tilbygg mot aust og det blei laga tilkomstveg på eigedommen. Sidan 2000 er det blitt reist ein garasje på nordsida av bustadhuset og det har blitt anlagt hage på heile tomta inkludert fleire natursteinmurar – den mot aust er ein gamal steingard frå før utskiftinga av Mjåtveit. Hytta er i dag registrert som einebustad. Sjå figur 42–44 for detaljar.

22/28 – LYNNGHAUGEN – Mjåtveitstø 14

Eigedommen Lynghaugen blei skilt ut frå bruk 3 i 1941, og kort tid etter blei det bygd ein mindre fritidsbustad på tomta. Hytta er synleg på ortofoto frå 1966. Den originale hytta samsvarer i dag med den nordre delen av fritidsbustaden som står på tomta i dag – eit lite trehus i ein etasje med saltak. I perioden 2000–2006 blei det bygd eit tilbygg i to etasjar på sørsida av hytta og det blei reist ein stor garasje og eit anneks på eigedommen. Samstundes blei det laga tilkomstveg til tomta. For detaljar sjå figur 45–47 og 57.

22/45 – FURULUND – Mjåtveitstø 16

Eigedommen Furulund blei skilt ut frå bruk 2 i 1947. Kort tid etter blei det reist ein fritidsbustad på eigedommen – eit trehus i ein etasje på mur med kjellar. Hytta er synleg på ortofoto frå 1966 og har beholdt sin originale form. I perioden 1966–2000 kom det til eit uthus sør på eigedommen. På vestsida av tomta går det ein gamal steingard som går tilbake til tida før Mjåtveit blei skifta ut i 1889. Sjå figur 47–48 og 57.

22/46 – KLETTEBAKKEN – Mjåtveitstø 23

Eigedommen Klettebakken blei skilt ut frå bnr. 29 i 1947 og husar i dag ein fritidsbustad og tre mindre buer. Fritidsbustaden blei truleg bygd kort tid etter at tomta blei skilt ut – bygget er synleg på ortofoto frå 1966 – men har fått tilbygg både mot nord og sør i nyare tid. Hytta er eit trehus i ein etasje med skifertekka saltak og ber i dag preg av manglande vedlikehald. Tomta inneheld elles ein større parkeringsplass. Sjå figur 49.

22/49 – LALLARO – Mjåtveitstø 43

Eigedommen Lallaro ligg som ei øy inne i det som var utmarka til bruk 2. Tomta blei skilt ut frå bruket i 1949 som ei av få som blei skilt ut frå bruket. Tomta husar ein fritidsbustad som truleg blei sett opp kort tid etter at tomta blei skilt ut. Hytta med tilbygg mot vest er synleg på ortofoto frå 1966. Sidan då har det kome til eit stort tilbygg mot nord, og bygget har i dag ein forseggjort fasade og terrasse mot sør – begge støypt i stein. Det er også eit støypt trappeanlegg frå vegen og opp til plataet som hytta ligg på. Sjå figur 50–52.

22/53 – HELLETUN – Mjåtveitstø 33b

Eigedommen Helletun blei skilt ut frå bnr. 29 i 1954. Fritidsbustaden som opphavleg sto på eigedommen blei rive i 2014/2015 då det blei bygd ein større vertikaldelt tomannsbustad på eigedommen. Sjå figur 40–41 og 46.

22/64 – SOLBERGET – Mjåtveitstø 32

Eigedommen Solberget blei skilt ut frå bnr. 13 i 1956, og kort tid etter blei det reist ein fritidsbustad på eigedommen. Denne hytta står i dag på bnr. 154. Tomta som i dag er bnr. 64 var ubebygd fram til 1989 då einebustaden som i dag står på staden blei bygd. Det er eit trehus i ein etasje med heilvalma tak på mur med kjellar og ein veranda som går rundt heile huset i første etasje. Sjå figur 46 og 53–54.

22/82 – MYGGTUN – Mjåtveitstø 12

Eigedommen Myggton blei skilt ut frå bruk 3 i 1963 og kort tid etter blei det bygd ein fritidsbustad på eigedommen. Hytta er synleg på ortofoto frå 1966 og er eit lite trehus i halvannen etasje på mur med eit bratt saltak og to tilbygg med valmtak – eitt mot sør og eitt mot nordvest. Sidan 1966 har bygningen fått eit tilbygg i huset si lengd mot nordaust, eit stort terrasseanlegg og to uthus på sørsida. Taket var opphavleg tekka med skifer, men er nyleg tekka på nytt med annan type takstein. Sjå figur 56–58 og 136.

22/99 – MYKLATUN – Mjåtveitstø 2

Eigedommen Myklaton blei skilt ut frå bruk 3 i 1969 og med tomta følgde ein mindre fritidsbustad som truleg blei bygd i tiåra før. Hytta er synleg på ortofoto frå 1966. Einebustaden som i dag står på tomta er eit noko større trehus i halvannen etasje på mur med kjellar og saltak med ark mot nord, kledd med liggande supanel og tekka med tegl – ein sterkt ombygd versjon av fritidsbustaden som sto på tomta før. På eigedommen står også eit uthus og ein overbygd parkeringsplass frå nyare tid. Tomta består elles av hageanlegg og innkøyrse. Sjå figur 59.

22/109 – KNAUSEN – Mjåtveitstø 19

Eigedommen Knausen blei skilt ut frå småbruket Lynghaug (bruk 16) i 1975 og det blei reist ein einebustad på tomta kort tid etter. Einebustaden er eit avlangt trehus på ein etasje med

kjellar av mur, balkong mot aust, eit større terrassetilbygg mot nord, eit lite tilbygg mot sør, saltak og både liggande og ståande kledning – truleg eit tilpassa typehus. Sjå figur 60.

22/110 – BJØRKELUND

Denne tomte blei skilt ut frå bruk 3 i 1975. På ortofoto frå 1966 er det synleg ein mindre bygning på staden som framleis står i dag. Dette bygget er ikkje registrert med nokon bestemt funksjon, men var truleg knytt til tidlegare jordbruksaktivitet på staden. Bygningen er ein trekonstruksjon med pulttak og er prega av manglande vedlikehald. Sjå figur 62.

22/111 – SOLTUN – Mjåtveitstø 17

Eigedommen Soltun blei skilt ut frå småbruket Lynghaug (bruk 16) i 1976 og det blei reist ein einebustad på tomte året etter. Einebustaden er eit avlangt trehus på ein etasje med kjellar av mur, heilvalma tak, balkong mot aust, lite tilbygg mot og vest og både liggande og ståande kledning – truleg eit tilpassa typehus. Sjå figur 61.

22/150 – Mjåtveitstø 6

Tomte som husar einebustaden Mjåtveitstø 6 blei skilt ut frå bnr. 68 i 1988 og bustadhuset som blei sett opp på tomte sto ferdig i 1990. Bustadhuset er eit trehus i to etasjar på mur med kjellar og saltak med ark mot nord. Tomte består elles av hageanlegg, tilkomstveg og innkøyrse, garasje og eit uthus. Sjå figur 63.

22/152 – Mjåtveitstø 36

Eigedommen blei skilt ut frå bnr. 103 i 1988. I 2005 blei det reist ein vertikaldelt tomannsbustad på tomte. Tomte husar i dag den søraustlege halvdel av bustaden i tillegg til innkøyrse og terrasse. Sjå figur 53 og 55.

22/154 – Mjåtveitstø 30

Eigedommen blei utskilt frå bnr. 64 i 1989, men husar ein einebustad frå rundt 1956. Truleg var dette opphavleg fritidsbustaden Solberget. Hytta er synleg på ortofoto frå 1966. Bustaden fekk i perioden 1966–2000 eit større tilbygg med terrasse mot nordvest i halvannen etasje med kjellar. Den originale delen av bustaden er i ein etasje på mur. Heile huset er i tre, med saltak og kledd med liggande supanel. Sjå figur 53–55.

22/182 – Mjåtveitstø 34

Eigedommen blei utskilt frå bnr. 152 i 2005. Tomte husar den nordvestlege halvdel av ein vertikaldelt tomannsbustaden sett opp same året, i tillegg til innkøyrse og terrasse. Sjå figur 53 og 55.

22/252 – Mjåtveitstø 33a

Eigedommen blei utskilt frå bnr. 95 i 2015 i samband med bygging av tomannsbustaden på tomta. Tomta husar den nordlege halvdelen av bustaden i tillegg til innkøyrsel og terrasse. Sjå figur 40–41 og 46.

Innmarka til Mjåtveitstøen med naustrekke og Mjåtveit brygge

Innmarka til gardsbruket Mjåtveitstø utgjer det eldste bygningsmiljøet i nærleiken av planområdet og består av tre driftsbygningar knytt til jordbruket, eit våningshus, eit sjøbruksmiljø med seks naust og ei brygge med servicebygg. Området er gjerda inn med ein steingard frå andre halvdel av 1800-talet (sjå figur 64–65), og det er restar etter ei gamal løe innanfor området. Truleg går nokre av driftsbygningane tilbake til 1838, då garden blei tatt opp som husmannsplass, medan sjøbruksmiljøet nede i støa truleg er langt eldre. Det har inntil nyleg vore gardsdrift på Mjåtveitstøen og endra driftsform til barnehage i 2016 har ikkje endra bygningsmiljøet eller kulturlandskapet på garden nemneverdig. Det vitnar framleis om jord- og sjøbruket som har dominert historia til kystgarden og Mjåtveit brygge vitnar om staden som tidlegare knutepunkt for kommunikasjonane på Mjåtveit.

22/2 – MJÅTVEITSTØEN – Mjåtveitstø 65

Husmannsplassen Mjåtveitstø blei tatt opp i 1838, skilt ut som bruk 2 frå bruk 1, 3, 4, 5 og 6 i 1884 og grensene for garden blei trekt opp ved utskiftinga i 1890. Lenge var det ei eldre stove frå 1840 som var våningshus på garden. Den blei utvida i 1870-åra, men rive i 1957. Dagens våningshus er frå miten av 1900-talet og er eit toetasjes murhus med kjellar, skifertekka saltak med ark mot aust, bislag mot vest og to- og trefags vindauge. Løa som står rett aust for våningshuset blei bygd på same tida. Det er ein stor driftsbygning i mur og tre med saltak med arker både mot aust og vest, tilbygg mot sør og vest der det også er ei låvebru. Løa har smårutete vindauge og er kledd med liggande supanel. Sjå figur 66–74. Begge bygningane er synlege i noverande form på ortofoto frå 1966.

Heilt vest i innmarka ligg det ein ruin av ei større løe som truleg var hovuddriftsbygningen på garden før det nye tunet blei reist rundt midten av 1900-talet. Ruinen er SEFRAK-registrert og datert der til 1800-talet. Løa går truleg tilbake til 1838 då plassen blei tatt opp som husmannsplass. Sjå figur 78–80. Rett ved hovudtunet står det to mindre driftsbygningar som truleg og går tilbake til husmannsplass-tida. Sør for løa ligg ein avlang bygning i naturstein med saltak av tre som er SEFRAK-registrert som vedhus/garasje frå 1800-talet: Eit hus nytta for forråd av brensel og utstyr. Sidan 1966 har taket blitt forlenga mot nord og tilbygget

utgjer i dag ein open, overbygd opphaldsplass føre inngangen. Sjå figur 75. Midt mellom tunet og stoa sto det eit gammalt smalehus. I dag står det eit høsehus på staden i naturstein med overbygning og pulttak i tre. Den gamle floren var opphavleg nytta for geit og sau. Grunnen er SEFRAK-registrert og datert til 1800-talet. Sjå figur 76–77.

I tillegg til gardsdrift, fiske og kjøtsal dreiv folket på Mjåtveitstøen og med blomstrar og bær. Frå 1900 og frametter var det fleire av bruka på Mjåtveit som hadde hage med uvande plantar for si tid, blant anna snøklokker og påskeliljer. Ungane blei sette til å laga bukettar som dei reiste på Torget med eller leverte til forretningar. Dei fleste brukarane på Mjåtveit dreiv og mykje med bær dyrking, spesielt i mellomkrigstida og i åra rett etter krigen, og hadde bringebærfelt og hagebær i innmarka. I dag er det framleis ein del frukttrær og mykje snøklokker og påskeliljer i bakkane i innmarka.

Bygningmiljøet på kystgarden Mjåtveitstøen inkluderer også naustrekka nede i stoa, med unntak av det ytste naustet som blei skilt ut frå garden i 2016 (sjå bnr. 252). Fire av dei fem nausta som står på grunnen til Mjåtveitstøen er SEFRAK-registrerte og er der datert til 1800-talet (dei tre inste og det ytste). I tillegg er det registrert to nausttufter i stoa frå same tid, det eine rett bak det naustet som ikkje er i registeret. Truleg går sjøbruksmiljøet i stoa endå lengre tilbake i tid enn 1800-talet. Alle brukarane på Mjåtveit hadde naustrett i stoa frå gammalt av, og stoa har truleg vore nytta som tilkomststad til sjøen sidan garden blei busett i middelalderen.

Naustrekka ved Mjåtveitstø er eit intakt kystnært kulturlandskap som er halde i hevd og har omsynssone H570_i i kommuneplanen. Naustrekka framstår i dag som velhalde, noko som er eit resultat av gjenreising/restaurering i andre halvdel av 1900-talet. Ortofoto frå 1966 viser at det då berre sto to naust i stoa – det ytste (bnr. 252, sjå under) og det inste naustet på vestsida av vika. Dei andre er synlege som ruiner/naustgrunnar. Nausta som står i dag er gjenreist på dei originale tuftene, på steinmur med overbygningar i tre med saltak, kledd med tre og metallplater. På austsida av vika er det støypt ein mur, ein liten tilkomstplass som går tilbake til tida før 1966. Ifølgje SEFRAK-registeret sto det eit naust også her på 1800-talet. Sjå figur 81–87 for detaljar.

Innmarka er elles prega av steingarden som omkransar den og eng- og kulturlandskapet. I den sørlege delen av Østmarka kjem også ei veit opp i dagen. Sjå figur 94–104.

22/17 – MJÅTVEIT BRYGGE

Eigedommen Mjåtveit brygge blei skilt ut frå bruk 2 i 1931 i forbindelse med bygginga av Mjåtveit brygge – eit dampskipstopp. Det var brukarane på garden som sto bak tiltaket. Det blei anlagt ein smal veg til teigen og bygd ei større brygge uti sjøen i stein og betong. Det blei

også reist eit mindre servicebygg på brygga, støypt i stein og med ein overbygning med pulttak i tre og metall. Sjå figur 91–93.

22/252

Naustet som i dag står på bnr. 252 tilhørde opphavleg bruk 2, men blei skilt ut i 2016 då Mjåtveitstøen blei selt. Bygningen er SEFRAK-registrert og datert til 1800-talet og er det best bevarte naustet i stoa i dag. Det er bygd over ein bekk som renner gjennom naustet frå vest og det blei tidlegare brukt til å slakte husdyr. Truleg blei naustet bygd i Johannes Olsson og Marta Olsdotter si tid på bruket (1853–1891). Dei dreiv slakteverksemd for sal på garden. Naustet har murar av naturstein, og overbygning og front mot sjøen i tre. Saltaket er tekka med metallplater. Sjå figur 88–90.

To isolerte fritidsbustadmiljø langs sjøen

I tillegg til dei tre bygningsmiljøa skildra over ligg det to isolerte fritidsbustadar langs nedtil sjøen sørvest i planområdet. Sjå figur 105–108.

19/22 – SOLVIK – Dalstøvegen 116

Eigedommen Solvik ligg inst i Sognevika og blei skilt ut frå bnr. 5 i 1946. Kort tid etter blei det reist ein fritidsbustad og eit naust på staden – begge synlege på ortofoto frå 1966. Fritidsbustaden er eit lite trehus på berre nokre få kvadratmeter, bygd på natursteinsmur med saltak med lav takvinkel. Både sjøhuset og fritidsbustaden står framleis på tomta, i tillegg til to mindre buer, truleg var ein av dei opphavleg eit veslehus. Forutan dei fire mindre bygningane er det restar av eit hageanlegg på tomta og det er anlagt ei trapp i tre frå fritidsbustaden ned til strandlina. Det går ikkje nokon veg eller sti til eigedommen. Bygga er prega av forfall og manglande vedlikehald. Sjå figur 109–114.

22/24 – RAMNEBERG – Mjåtveitstø 69

Eigedommen Ramneberg ligg på Svinsvågneset rett utanfor den gamle innmarka til bruk 2. Tomta blei skilt ut frå bruket i 1934. På eigedommen står ein fritidsbustad som truleg skriv seg frå den tida – eit trehus i halvannan etasje på mur med saltak. Hytta med brønn er synleg på ortofoto frå 1966. Bygget framstår truleg omtrent som originalt, men har i nyare tid fått ein større veranda mot sør, ny kledning mot vest og ny ytterdør mot nord. Sjå figur 115–117.

4. Andre typar kulturminne

Forutan bygningsmiljøa nemnt ovanfor finst det fleire kulturminne i den gamle utmarka innanfor planområdet som vitnar om den eldre jordbruksaktiviteten på Mjåtveit.

Rett aust for innmarka til Mjåtveitstøen, på ein tidlegare felles utmarksteig som gjekk heilt ned til strandlinja og som markerte enden på den gamle Østmarka, står det i dag ein ruin av ein sommarflor i tørrlodd stein. Floren var ein fjøs i utmarka for sauer og geiter. Tufta er SEFRAK-registrert og tidfesta til 1800-talet. Plasseringa av floren rett utanfor steingarden som avgrensar innmarka til Mjåtveitstøen tydar på at den er frå tida før innmarka blei rydda, altså i første halvdel av hundreåret. Men det kan og hende den er endå eldre. Sjå figur 1, 118–122.

Ved Klettane (Klettemyra) omtrent midt i den nordlege delen av planområdet ligg eit torvhus i tørrlodd stein tett opp til fjellknausen på sørsida av myra. Dette var av dei beste torvmyrene på Mjåtveit og alle brukarane hadde teigar i myra frå gamalt av. Grunnen tydar på at dette har vore eit typisk torvhus med dobbel mur mot nord. Det manglar i dag tak og veggen mot aust har rast saman. Torvhusa blei nytta som lagrings- og tørkeplass før torva blei transportert til bruka, og var naudsynte på gardar som nytta torv som brensel – torva tok mykje plass og trakk lett vatn. Konstruksjonar av stein eigna seg, gjerne med dobbel mur på dei sidene som var spesielt utsett for vêr og vind. Steinveggane beskytta for regn og snø, men slapp samstundes gjennom luft slik at tørkeprosessen kunne fortsette. Mange torvhus hadde saltak av torv eller tre. Det er vanskeleg å seie kor gamalt dette torvhuset er, men det er truleg frå tida før utskiftinga av garden. På utskiftingskartet over utmarka på Mjåtveit frå 1887/1888 er det kun teikna inn eitt torvhus, truleg var det fleire. Det som er teikna inn liknar dette torvhuset i form og plassering i relasjon til myr og himmelretning, men er teikna inn ved nabomyra litt lenger sør. Det er imidlertid ikkje er noko teikn til at det har stått eit torvhus der, og kan hende er det dette torvhuset som er meint. Sjå figur 1, 118 og 127–130.

Rett nordvest for innmarka til bruket Mjåtveitstøen, eit stykke over storskaret, ligg det ein ruin av det som anten har vore ein utmarksflor eller eit torvhus. Tufta er av tørrlodd stein og ligg eit stykke frå nærmaste myr og i nokså bratt terreng. Plasseringa tyder på at bygget blei nytta som ein utmarksflor, heller enn eit torvhus. Torvhus ligg som regel rett ved torvmyra. Det er vanskeleg å seie kor gamalt denne tufta er, men som dei to andre grunnane nemnd over kan floren potensielt vere ganske gamalt og skriv seg truleg frå tida då utmarka var teigblanda før utskiftinga i 1889. Sjå figur 118 og 123–126.

Rett austanfor innmarka til Mjåtveitstøen ligg det som truleg var det felles leirtaket på Mjåtveitstø – det er synleg på ortofoto frå 1966. Området er i dag grodd igjen, men det er framleis eit større vasshol på staden. Sjå figur 118 og 137.

I tillegg til grunnane skildra over vitnar dei mange steingardane i utmarka om området si jordbruks-historie. Først og fremst går det ein så og sei samanhengande steingard på grensa mellom Mjåtveit og Sagstad-gardane frå Herdlefjorden til Mjåtveit næringspark. Det er vanskeleg å seie nøyaktig kor gamal denne steingarden er, men den er truleg av dei eldre innanfor planområdet. Det går og nokre restar etter ein eldre steingard langs grensa til eigedommen bnr. 13 som truleg er frå tida då utmarka var teigdelt. Elles står brorparten av steingardane innanfor planområdet på grensene til dei ulike utmarksteigane trekt opp under utskiftinga av Mjåtveit i 1889. Steingarden som følger utmarksgrensa til bruk 2 – Mjåtveitstøen – er sett opp i åra rundt 1900. Småbruket Lynghaug er delvis gjerda inn av ein steingard frå etter 1930. Sjå figur 131–136, 138–142.

Med unntak av enga Dalen som blei rydda som ein forlenging av innmarka til Mjåtveitstøen i siste halvdel av 1800-talet, er utmarksområda prega av kratt, skog, fjell og knausar i tillegg til nokre turstiar som er anlagt nokså nyleg. Det finnes elles to eldre ferdselsårer innanfor planområdet – dei to vegane Dalstøvegen og Mjåtveitstø knytte bøndene Sagstad- og Dalegardane og Mjåtveit til sjøen frå gamalt av. Det var der dei hadde naust og båtar. Dalstø blei og samlingsstaden for folk i dei næraste grendene når dei skulle på reis – det var den beste hamna mellom Langeland og Frekhaug. Staden fekk tidleg dampskipsstopp og det blei bygd kai på staden og skikkeleg køyreveg ned frå bygdevegen. Det kom også post der og Dalstø brevhus var i drift 1947–1963. Mjåtveitstø blei også eit knutepunkt på same måten. Etter at Mjåtveit brygge blei reist i 1931/1932 blei støa stoppestad på rutebåtsamband og det var brevhus der i perioden 1951–1963.

Forutan desse to historiske vegane er dei fleste vegfara innfor planområdet bygd i nyare tid og som tilkomstvegar til bustadar og fritidsbygg i området. Det finnes eitt unntak: Vegen som i dag leder inn til fritidseigedommane Fagerås, Solbakken og Fridal frå Dalstøvegen er den gamle gangvegen bøndene på Sagstad brukte for å komme til torvteigane i Sedalen. Sjå figur 2.

5. Foto og kart



Figur 1. Utsnitt av utskiftingskart over utmarka på Mjåtveit frå 1887/1888 som viser den delen av Mjåtveit som utgjer den austlege delen av planområdet (grensa trekt opp omtrentleg i raudt). F er bruk 2, den tidlegare husmannsplassen Mjåtveitstøen. Innmarka til bruket er markert rundt støa og utmarka ligg ikring. D er bruk 3, og E er bruk 1. Sjå vedlegg 2 for heile kartet.



Figur 2. Utsnitt av utskiftingskart over utmarka på Sagstad-gardane frå 1906 som viser den nordvestlege delen av planområdet (grensa trekt opp i raudt). A er bruk 1 og B er bruk 2 på Øvre Sagstad. Utmarka til den tidlegare husmannsplassen Dalstø som utgjer den sørvestlege delen av planområdet er ikkje teikna inn på kartet. Sjå vedlegg 3 for heile kartet.



Figur 3. Ortofoto av det nordvestlege hjørnet av planområdet avfotografert i 1966. Det viser hyttefeltet frå Fageråsen til Tjørnane på Sagstad. Henta frå norgebilder.no [lesedato 04.03.2018].



Figur 4. Ortofoto av det nordvestlege hjørnet av planområdet avfotografert i 2015. Det viser hyttefeltet frå Fageråsen til Tjørnane på Sagstad. Henta frå norgebilder.no [lesedato 04.03.2018].



Figur 5. Dalstøvegen 44.



Figur 6. Dalstøvegen 44.



Figur 7. Dalstøvegen 44.



Figur 8. Frå venstre: Dalstøvegen 50, 52, 48, 54.



Figur 9. Dalstøvegen 50.



Figur 10. Dalstøvegen 50.



Figur 11. Frå venstre: Dalstøvegen 52.



Figur 12. Frå venstre: Dalstøvegen 48, 54.



Figur 13. Dalstøvegen 54.



Figur 14. Dalstøvegen 48.



Figur 15. Dalstøvegen 48.



Figur 16. Dalstøvegen 56.



Figur 17. Dalstøvegen 56.



Figur 18. Dalstøvegen 56.



Figur 19. Dalstøvegen 60.



Figur 20. Dalstøvegen 60.



Figur 21. Falstøvegen 64.



Figur 22. Dalstøvegen 58.



Figur 23. Dalstøvegen 58.



Figur 24. Dalstøvegen 58.



Figur 25. Dalstøvegen 58.



Figur 26. Dalstøvegen 66.



Figur 27. Dalstøvegen 66.



Figur 28. Dalstøvegen 66.



Figur 29. Gnr. 18, bnr. 47.



Figur 30. Gnr. 18, bnr. 47.



Figur 31. Dalstøvegen 62.



Figur 32. Dalstøvegen 62.




Figur 33. Dalstøvegen 68.



Figur 34. Dalstøvegen 68.



Figur 35. Ortofoto av det nordaustlege delen av planområdet avfotografert i 1966. Viser det som i dag er eit bustadområde sør for Sveåsen på Mjåtveit. Henta frå norgebilder.no [lesedato 04.03.2018].



Figur 36. Ortofoto av det nordaustlege delen av planområdet avfotografert i 2015. Viser bustadområde sør for Sveåsen på Mjøtveit. Henta frå norgeibilder.no [lesedato 04.03.2018].



Figur 37. Mjåtveitstø 24.



Figur 38. Mjåtveitstø 13.



Figur 39. Mjåtveitstø 35.



Figur 40. Frå venstre: Mjåtveitstø 35, 33b. 33a.



Figur 41. Frå venstre: Mjåtveitstø 24, 33a, 33b.



Figur 42. Mjåtveitstø 22.



Figur 43. Vegen Mjåtveitstø med hagen til Mjåtveitstø 22 til høgre.



Figur 44. Mjåtveitstø 22.



Figur 45. Mjåtveitstø 14.



Figur 46. Mjåtveitstø 14 i forgrunnen. Bak i grått ligger Mjåtveitstø 32, og bakerst kan ein skimte Mjåtveitstø 35, 33b og 33a.



Figur 47. Frå venstre: Mjåtveitstø 14, 16.



Figur 48. Mjåtveitstø 16.



Figur 49. Mjåtveitstø 23.



Figur 50. Mjåtveitstø 43.



Figur 51. Mjåtveitstø 43.



Figur 52. Mjåtveitstø 43.



Figur 53. Frå venstre: Mjåtveitstø 36, 34, 30, 32.



Figur 54. Frå venstre: Mjåtveitstø 30, 32.



Figur 55. Frå venstre: Mjåtveitstø 36, 34, 30.



Figur 56. Mjåtveitstø 12.



Figur 57. Frå venstre Mjåtveitstø 14, 16, 12.



Figur 58. Mjåtveitstø 12.



Figur 59. Mjåtveitstø 2.



Figur 60. Mjåtveitstø 19.



Figur 61. Mjåtveitstø 17.



Figur 62. Gnr. 22, bnr. 110.



Figur 63. Mjåtveitstø 6.



Figur 64. Ortofoto av innmarka til bruket Mjåtveitstøen som ligg sør i planområdet avfotografert i 1966. Steingarden som avgrensar den gamle innmarka er synleg innanfor den raude streken. Henta frå norgebilder.no [lesedato 04.03.2018].



Figur 65. Ortofoto av innmarka til bruket Mjåtveitstøen som ligg sør i planområdet avfotografert i 2015. Steingarden som avgrensar den gamle innmarka ligg innanfor den raude streken. Henta frå norgeibilder.no [lesedato 04.03.2018].



*Figur 66. Tunet på Mjåtveitstøen sett
frå nord.*



*Figur 67. Tunet på Mjåtveitstøen sett
frå sør.*



*Figur 68. Tunet på mjåtveitstøen sett frå
aust.*



*Figur 69. Tunet på Mjåtveitstøen sett
frå vest.*



*Figur 70. Våningshuset på
Mjåtveitstøen, fasade mot sør og aust.*



*Figur 71. Våningshuset på
Mjåtveitstøen, fasade mot aust og nord.*



Figur 72. Løa på Mjåtveitstøen, fasade mot vest.



Figur 73. Løa på Mjåtveitstøen, låvebru mot aust.



Figur 74. Løa på Mjåtveitstøen, fasade mot aust.



Figur 75. Vedhus/garasje på Mjåtveitstøen.



Figur 76. Flor/høsehus på Mjåtveitstøen.



Figur 77. Flor/høsehus på Mjåtveitstøen.



Figur 78. Ruin av løe på Mjåtveitstøen.



Figur 79. Ruin av løe på Mjåtveitstøen.



*Figur 80. Ruin av løe på Mjåtveitstøen,
i enden av marka mot vest.*



Figur 81. Naustrekka i Mjåtveitstø.



Figur 82. Frå venstre: bygningsnummer 176020997, 176021020, 176021012.



Figur 83. Frå høgre: bygningsnummer 176020997, 176021020, 176021012.



*Figur 84. Frå høgre: bygningsnummer
176020997, 176021020, 176021012.*



*Figur 85. Frå høgre: bygningsnummer
176020997, 176021020, 176021012,
176039264, 176021004.*



Figur 86. Austsida av stoa.




*Figur 87. Bygningsnummer
176021004.*



*Figur 88. Frå venstre bygningsnummer
176020989 (gnr. 22, bnr. 257),
176021004.*



*Figur 89. Frå høgre bygningsnummer
176020989 (gnr. 22, bnr. 257),
176021004.*



*Figur 90. Bygningsnummer
176020989 (gnr. 22, bnr. 257).
Detalj fasade mot vest, der bekken
renn inn i naustet.*



Figur 91. Gnr. 22, bnr. 17.



Figur 92. Gnr. 22, bnr. 17.



Figur 93. Gnr. 22, bnr. 17.



Figur 94. Steingarden til innmarka på Mjåtveitstøen på vestsida, sett frå utsida.



Figur 95. Steingarden til innmarka på Mjåtveitstøen på vestsida, sett frå innsida ved hol til bekk.



Figur 96. Steingarden til innmarka på Mjåtveitstøen på vestsida, sett frå innsida. Opning for sti.



Figur 97. Steingarden til innmarka på Mjåtveitstøen på austersida, sett frå utsida.



Figur 98. Steingarden til innmarka på Mjåtveitstøen på austersida, sett frå utsida.



Figur 99. Steingarden til innmarka på Mjåtveitstøen på austersida, sett frå utsida.







Figur 100, 101 og 102. Tilrettelagt bekkefar over Østmarka i innmarka til Mjåtveitstøen. Steingarden markerer slutten på innmarka.



Figur 103. Steingarden som markerer innmarka til Mjåtveitstøen i nord, sett frå utsida.



Figur 104. Steingarden som markerer slutten på innmarka til Mjåtveitstøen mot aust og veg opp til ei rydda mark nordaust for innmarka.



Figur 105, 106, 107, 108. Ortofoto av eigedommane Solvik (til venstre) og Ramneberg som ligg sørvest i planområdet avfotografert i 1966 og i 2015. Henta frå norgebilder.no [lesedato 12.03.2018].



Figur 109. Dalstøvegen 116.



Figur 110. Dalstøvegen 116.



Figur 111. Dalstøvegen 116.



Figur 112. Dalstøvegen 116.



Figur 113. Dalstøvegen 116.



Figur 114. Dalstøvegen 116.



Figur 115. Mjåtveitstø 69.



Figur 116. Mjåtveitstø 69.



Figur 117. Mjåtveitstø 69.



Figur 118. Ortofoto av store deler av utmarka til Sagstad-gardane og Mjåtveit som utgjer brorparten av planområdet avfotografert i 1966. Henta frå norgeibilder.no [lesedato 22.01.2018]. Lokalitetane til dei tre grunnane i utmarka er markert med raud ring – øverst torvhuset, i midten floren/torvhuset og nederst sommarfloren.



Figur 119. Sommarflore.



Figur 120. Sommarflore.



Figur 121. Sommarflore.



Figur 122. Sommarflore, plassering på eldre utmarksteig. Steingarden som markerer innmarka til Mjåtveitstø til venstre.



Figur 123. Floren/torvhuset.



Figur 124. Floren/torvhuset.



Figur 125. Floren/torvhuset.



Figur 126. Floren/torvhuset.



Figur 127. Torvhuset.



Figur 128. Torvhuset.



Figur 129. Torvhuset.



Figur 130. Torvhuset.



Figur 131. Steingard på grensa mellom Sagstad-gardane og Mjåtveit.



Figur 132. Steingard på grensa mellom Sagstad-gardane og Mjåtveit møter steingarden frå nordgrensa til utmarka til Mjåtveistøen.



Figur 133. Steingard på grensa mellom Sagstad-gardane og Mjåtveit.



Figur 134. Steingard på utmarksgrensa til Mjåtveitstøen, mot aust.



Figur 135. Steingard på utmarksgrensa til Mjåtveitstøen, mot aust.



Figur 136. Steingard på utmarksgrensa til Mjåtveitstøen, mot nord. Mjåtveitstø 12 til høgre i bildet.



Figur 137. Vasshol rett vest for innmarka til Mjåtveitstøen, truleg låg det felles leirtaket på Mjåtveit her.



Figur 138. Steinnmur med større helle i utmarka. Ukjent funksjon.



Figur 139. Steinnmur og gangveg i austenden av enga dalen nord for innmarka til Mjåtveitstøen.



*Figur 140. Liten mur/demning over
bekkefar i utmarka til Mjåtveitstøen.*



Figur 141. Vegen Mjåtveitstø på vestsida av enga Dalen nord for innmarka til Mjåtveitstøen.



Figur 142. Vegen Mjåtveitstø på vestsida av enga Dalen nord for innmarka til Mjåtveitstøen.

6. Avslutning

Tiltaket skildra i planforslaget *Dalstø - Mjåtveitstø gnr./bnr. 18/1, 19/67, 22/254, 22/255 m. fl. i Meland kommune* vil få følgande konsekvensar for kulturminna, -miljøet og -landskapet innanfor planområdet skildra i denne dokumentasjonen:

- Steingarden på grensa mellom Mjåtveit og Sagstad-gardane frå Herdlefjorden til Mjåtveit næringspark (truleg den eldste innanfor planområdet) er i stor grad inkludert i planen. Unntaka er fire stader der det er planlagt at veg og gangsti skal krysse traseen.
- Steingarden frå andre halvdel av 1800-talet som markerer innmarka til Mjåtveitstøen er inkludert i planen, medan deler av steingarden som markerer utmarka frå rundt 1900 kjem i konflikt med nye tiltak i nord og vil truleg bli fjerna.
- Kulturlandskapstrekka som utgjer det heilskapelege jordbruksmiljøet i og rundt Mjåtveitstøen er inkludert i planen, med eit unntak: Enga Dalen nord for innmarka blei truleg rydda heilt på slutten av 1800-talet og utgjer i dag avslutninga på det heilskapelege kulturlandskapet rundt Mjåtveitstøen. På enga er det planlagt eit nybygg – ein barnehage med uteplass og parkeringsareal. Desse tiltaka vil redusere det samla kulturlandskapet som høyrer til gardsmiljøet noko, men vil samstundes ikkje vere synlege frå gardstunet.
- Dei øvrige utmarksminna skildra i denne rapporten er inkludert i planen og vil bli bevart, men torvhuset ved Klettemyra og floren/torvhuset nordvest for innmarka til Mjåtveitstøen kjem tett opp til ny busetnad og opplevinga av desse kulturminna vil truleg endre seg noko. Dette gjeld også opplevinga av fleire av dei eksisterande bygningsmiljøa som truleg vil bli påverka av den planlagde fortettinga.

7. Litteratur og kjelder

Kleiveland, Geir og Beate Homlong. 2004. *Mellom bakkar og berg. Gard og ætt i Meland. Band II.* Meland kommune.

Kleiveland, Geir og Beate Homlong. 2004. *Mellom bakkar og berg. Gard og ætt i Meland. Band III.* Meland kommune.

Nord- og Midhordaland jordskifteretts kartarkiv.

Nettressursar:

digitalarkivet.no

digitaltmuseum.no

nordhordlandskart.no

norgebilder.no

norgeskart.no

miljøstatus.no/kart

8. Vedlegg

Vedlegg 1_Kart over planområdet, der utmarksminna er teikna inn. Basert på første varslingskart

Vedlegg 2_Utskiftingskart utmark Mjåtveit 1887–1888

Vedlegg 3_Utskiftingskart utmark Sagstad 1906